

Saksprotokoll i 21.01.2020 - hovudutval for kultur, idrett og integrering

Svar frå fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering:

Viser til spørsmål frå Senea Sabanovic, Arbeidarpartiet i høve budsjettvedtak 2020

Det vert vist til ei ordning frå tidlegare Sogn og Fjordane knytt til utviklingsarbeid og drift av idrettsanlegg. Jf s 39 i budsjett dokumentet: «*Midlar til utviklingsarbeid og drift av idrettsanlegg med avtale ut 2019 på samla 345 000 vert ikkje vidareført*». Samla løyving til Vestland idrettskrets inkl. Olympiatoppen er likevel auka monaleg frå kr 5.334.000 til kr 5.850.000.

Spørsmål 1:

Har det vore kommunikasjon mellom fylkeskommunen og Vestland idrettskrins rundt bortfall av denne ordninga? Er det eventuelle andre ordningar skianlegga kan søkja på?

I samband med legging av budsjett for 2020 for Vestland fylkeskommune var det høve til å søkje om støtte til drift av kultur og idrettsorganisasjonar i Vestland med frist 1. april 2019. Kvar av dei tidlegare fylkeskommunane har informert dei aktørane som fekk driftsstøtte frå budsjetta i hhv Sogn og Fjordane og Hordaland om ny ordning gjeldande frå Vestland fylkeskommune frå 2020. Ordninga vart lyst ut og gjort godt kjend, og dei fleste av tidlegare mottakarar av driftsstøtte har søkt om driftsstøtte for 2020.

På grunnlag av budsjettsøknadene har administrasjonen i Vestland fylkeskommune hatt budsjettmøter med dei store organisasjonane på kultur- og idrettsfeltet før framlegginga av budsjettet. Vestland idrettskrins var ein av desse aktørane.

Vestland fylkeskommune har ikkje etablert eiga tilskotsordning for drift av anlegg, jf budsjett 2020.

Spørsmål 2:

Kan administrasjonen utdjupa kva som er meint med tilskotsmidlar frå idrettsprosjekt? Er dette midlar som skal inngå som eit driftstilskot til anlegg?

Styrkinga av posten idrettsarbeid viser til ei justering mellom dei to postane vurdert utifrå utviklingsprosjekt, særlege satsingar og eksisterande tilskot til aktivitet. Tabell 4.4.11 og 4.4.12 i budsjett dokumentet (s 38 og 39) viser konkretisering kva som ligg i postane idrettsarbeid og idrettsprosjekt. Midlar til idrettsprosjekt skal gå til å arrangere konferansar og andre kompetansehevande tiltak for kommunar og frivillige organisasjonar i Vestland fylke, samhandling med Helse Bergen om aktivitetar for unge innan psykisk helsevern og tilskot til lågterskelaktivitetar for barn og ungdom i regi av dei regionale frivillige organisasjonane.

Dette er ikkje midlar som er knytt til drift av anlegg.